

## **Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 25.05.2021**

**Kjell Håland (A)** og **June Indrevik (H)** stilte spørsmål om dei var inhabil fordi Håland er nestleiar i Verdsarvrådet for Bryggen og Indrevik er medlem av Verdsarvrådet for Bryggen. Håland og Indrevik gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabil. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Håland og Indrevik ikkje var inhabil. Håland og Indrevik tiltredde saksbehandlinga.

### **Avrøysting**

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

Vestland fylkeskommune sluttar seg til forvaltningsplan for verdsarvstaden Bryggen 2021-2025 og legg forvaltningsplanen til grunn for fylkeskommunen sitt arbeid med Bryggen.